



DEN NORSKE KYRKJA
Høyanger Kyrkjelege fellestråd

Marcus Thranes gate 3
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100
Høyanger 23.03.2023

Møteprotokoll Høyanger kyrkjelege fellestråd

Møtedato: 21.07.23

Møtetid: kl.10.30 - 11.30

Møtestad: Møterom på samfunnshuset 3.etg. og på Teams

Til stades: May-Wenche Fossmark, Vidar Myren, Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Tonje Førde Systad (Teams), Kenneth Førde(Teams), Sissel Sørebo(Teams), Frode Merkesvik, Andreas Ester, Monica Sunde Tjønnås (Teams) og Stig Jonny Fitje.

Meldt forfall: Torunn Styve, vara møte.

Kopi av protokollen går til: Veronica Vågen, Ellinor Austreim, Aud Kjersti, Haugen, Torunn Styve, Alf Magnar Svartemyr, Ingunn Østerbo, Toril Bjørkum, Geir Sørebo, Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Ørjan Haram, Gerda Otterstein, M Ali Kharrat, postmottak Høyanger kommune.

Sakliste:

Innkalling og sakliste vart godkjent

Vedtaksaker:

014/23 Søknad frå kontor om permisjon i to år frå 15.09.23

Administrasjonsutvalet gjorde dette vedtaket i møtet tidlegare i dag:

Administrasjonsutvalet sluttar seg samrøystes til konklusjon og framlegg til vedtak som ligg i innstillinga (sjå vedlagt).

1) Eit framlegg om ikkje å gje permisjon fall mot fire røyster.

2) Eit framlegg frå Frode Merkesvik hadde denne ordlyden:

Kantor sin søknad om permisjon i to år frå 15. sept. 2023 vert ikkje innvilga.

HKF innvilgar Gerda Otterstein permisjon frå 15.09.23 og i seks månadar framover.

Seinast innan 15. februar 2024 må Otterstein skriftleg melde frå til HKF,

dersom ho ynskjer å kome attende i stillinga som kontor i Høyanger.

Vedteke med 8 mot 2 røyster.

Protokoll ført av:

Stig Jonny Fitje

Kyrkjeverje for Høyanger kyrkjelege fellestråd



DEN NORSKE KYRKJA

Saksutgreiing med innstilling:

Det føreligg søknad frå kantor om ulønna permisjon i to år frå 15.09.2023.

HKF har ikkje eit fast tilsettingsutval. Saka må difor handterast på ordinær vis gjennom administrasjonen si saksutgreiing, administrasjonsutvalet og fellesrådet.

Drøfting:

For HKF vil fleire moment måtte vurderast:

- a) kva er nedfelt i lov, avtalar og reglement ?
- b) rekruttering av ny organist til ei vikarstilling kontra til ei fast stilling
- c) kva mellombelse løysingar kan me få etablert, og kor lang tid har me på det ?
- d) andre omsyn

Til pkt a):

Det er inga formulering i arbeidsmiljølova, gjeldande tariffavtale, eller kantor si arbeidsavtale som gjev retningslinjer for kva svaret på ein slik søknad skal vere.

KA kan heller ikkje vise til ein eintydig praksis i slike tilfeller.

HKF vil måtte gjere ei vurdering, basert på almenne reglar. Mest nærliggjande vil då vere permisjonsreglementet i Høyanger kommune og kjend praksis i prostiet.

I kommunen sitt reglement heiter det:

Permisjon ved overgang til ny stilling kan gis.

Permisjonssøknaden må vurderes opp mot virksomhetens behov for kapasitet og kompetanse, samt eventuelle rekrutteringsutfordringer.

I vurderingen skal verdien av at den ansatte tilegner seg ny kompetanse også vektlegges.

Det skal normalt ikke gis permisjon dersom det medfører vesentlig ulempe for arbeidsgiver, eller dersom den ansatte ikke har tjenestegjort i kommunen de siste tre år før permisjonen.

Permisjonen bør begrenses til inntil ett år. Senest 3 mnd. før permisjonens utløp skal arbeidstaker skriftlig varsle arbeidsgiver om vedkommende vil gjeninntre eller ikke.

Det er ikkje grunnlag i praksis for å gje permisjon i meir enn eitt år i slike høve.

Uttalar frå både KA og Prostiet talar i same retning som reglementet ovanfor.

Til pkt b):

Organist/kantor er generelt vanskeleg å rekruttere. Frå andre deler av arbeidslivet er det også ein tendens til at rekruttering til vikariat er vanskelegare enn å få søkjarar til faste stillingar. Di høgare krav til kvalifikasjonar ein set, di større er den utfordringa.

Til pkt c):

Kantor søker permisjon frå 15.sept. Som arbeidsgjevar må ein ha forståing for eit ynskje frå ny arbeidsgjevar om å kunne få den nye tilsette på plass så snart som råd. Dette gjev likevel HKF svært lite tid til å få etablert mellombelse løysingar hjå oss.

Reknar ein ordinær oppseiingstid på tre månadar frå 01. aug. tilseier det oppstart i ny jobb 01. nov., noko bae partar i eit tilsetting må ta høgde for- og bu seg på. .

For partane er det likevel tenleg å kunne vere romsleg når tilhøva ligg til rette for det.

I dette tilfellet er tidsfaktoren eit viktig moment for HKF. Kanskje må ein - ved ein evt. permisjon – søkje å få utsett oppstarten noko i høve til det søkte tidspunktet, dvs. nærare datoen for det som ville vore tidspunktet ved ei eventuell oppseiing.

Til pkt d):

Kantor har 15 års tenestetid, har gjort ein verdifull innsats, og ynskjer no ei endring.

Slike tilhøve tilseier at ein bør vurdere å gje permisjon, som kan vere utviklande for alle partar, og kan tilføre HKF nye idear og kompetanse ved en evt. retur for kantor.

Kantor har opplyst å ha fått tilbod om ei 100 % fast stilling, men det er ukjent om- og kor langprøvetid ho måtte ha. Leiar i HKF har fått opplyst at dersom det er eit vilkår for å få permisjon at ho kan stå i stillinga her ut oktober, så er det OK for kantor.

Konklusjon og framlegg til vedtak:

Kantor sin søknad om permisjon i to år frå 15. sept. 2023 vert ikkje innvilga.

HKF oppmodar kantor om å tinge med ny arbeidsgjevar om utsett oppstart i stillinga til medio oktober. Dette vil gje HKF noko betre tid for utlysing og etablering av tidsavgrensa erstatningsordningar i den tida permisjonen varer HKF innvilgar Gerda Otterstein permisjon frå 15.10.23 og i eitt – 1 – år framover. Seinast innan 15. juli 2024 må Otterstein skriftleg melde frå til HKF, dersom ho ynskjer å kome attende i stillinga som kantor i Høyanger.

Saksutgreiinga er skriven i samråd med kyrkjeverje, som stiller seg bak konklusjon og framlegg til vedtak.

Kyrkjebø, 19.07.2023

-fellesrådsleiar-